

# Sport

Journalistar: Stig Roger Eide tlf. 911 49 815. Idar Stadheim tlf. 901 28 020. Epost: sporten@firda.no Oppdaterte sportsnyheter på firda.no/sporten

## Store smerter etter fall p

**MOTBAKKELØP:** For Robert Tirob frå Kenya var målet for hans første Storehesten Opp å kjempe heilt i toppen. I staden måtte han kjempe ein smertefull kamp og sjå løpet bli brutalt øydelagt.

IDAR STADHEIM  
idar.stadheim@firda.no 90128020

Kenyanaren låg i tetsjiktet mellom Kårstadsøylen og Kårstads karet saman med sine landsmenn John Sompol og Hillary Kipchumba, då uhellet skjedde.

### Måtte hentast av Airlift

– Saman med Alexander Øen Ask var eg på veg ned, då vi plutselig såg kenyanaren ligge på nedsida av stien, fortel førerledaren Knut Folkestad som raskt fekk kontakta arrangøren for å skaffe hjelp til den skadde løparen.

– Eg veit ikkje kva som skjedde. Men eg sklei på det glatte underlaget. Og dermed vart det gjort, seier Tirob etter at han vart henta av Airlift-helikopteret som var stasjonert på Sveen i samband med Storehesten Opp-løpet.

– Både Knut og eg hadde med oss bandasje så vi kunne leggje kompress på kneet hans. Deretter var det berre å bere han ned til området der helikopteret kunne lande, fortel naprapat Alexander Øen Ask som gjennom si utdanning i idrettsmedisin også vurderte skaden.

– Ved rask kompresjon dempa vi hevelsen. Det same med is etter at Tirob vart fløge ned til Sveen. Deretter vurderte vi det som det beste å sende han til Førde sentralsjukehus for å ta røntgen av kneet hans, seier Øen Ask.

### Svært smertefullt

Og smertene til Tirob var sterke. Under flyturen ned hadde han store vanskar med å halde tårene unna augekroken.

– Det er sånt som skjer i denne idretten. Ikkje minst når det er såpass glatt, seier Tirob og trur skaden skuldast hans eigen feil.

– Det var eit lite sekund kor eg ikkje var heilt skjerpa. Dermed trakka eg feil, og skaden var skjedd, seier han.

### Sompol suveren

Og medan Robert Tirob måtte bryte løpet på dramatisk vis, kunne ingen gjere noko som helst med landsmann John Sompol som var suveren raskast til toppen.

Med tida 1.03.15 knuste han sin eigen rekord frå 2009, med over eit minutt.

– Eg er veldig glad for å slå mi bestetid. Eg hadde eit håp om å

■ Kenyanar i tetsjiktet måtte bryte løpet ■ Skadde knesk



UHELDIG, MEN HELDIG: Kneskadde Robert Tirob blir hjulpet om bord i Airlift-helikopteret av Knut Folkestad (t.v.), Alexander Øen Ask (grøn jakke) og tryggleikssjef i Airlift, Nils Myklebust

klare det, og eg sette forventningane mine deretter, seier ein smilande Sompol etter målgang.

Det store målet om å nå toppen under timen, var kenyanaren lengre ifrå.

– Eg starta hardkøyret litt for seint, samtidig som eg tapte litt tid då eg byrja å komme til det over-

ste, mest steinete partiet. I dag var eg sjanselaus, seier Sompol, som likevel gler seg stort over at hans gamle rekord no er justert ytterlegare ned.

### Rekord i begge klassar

Også i kvinneklassen kunne arrangørane sjå rekordtida ryke,

då Heidi Weng frå BUL sprang inn til tida 1.17.14, noko som er ein solid betring av den førre rekorden. Weng er 20 år og langrennsløpar.

Rekord blei det også på Sindre Hoff frå Viksdalen og Gaular friidrettslag, som slo sin personlege rekord med kring eit minutt.

**77** Eg veit ikkje kva som skjedde, men eg sklei på det glatte underlaget, og dermed var det gjort

Robert Tirob



Meir lokale sportsnyhende: [firda.no/sporten](http://firda.no/sporten)  
Følg kampen minutt for minutt: [firda.no/fotball/live](http://firda.no/fotball/live)  
Lokale resultatlistor: [firda.no/sporten/resultat](http://firda.no/sporten/resultat)

## Fullførte løpet i full Felleskjøpet-dress

■ **MOTBAKKELØP:** Tom Kristian Hestad Kårstad frå Bygstad (biletet) skilde seg ut frå majoriteten i shorts og løpetights opp Storehesten på laurdag. Iført full Felleskjøpet-dress stilte han i konkurranseklassen, og kom i mål på tida 2.12.47, som til slutt sikra han ein siste plass av dei 98 deltakarane.



# På Storehesten

kåla og måtte flygast vekk i helikopter



(til høgre). Turen som skulle gå strake vegen til topps, fekk såleis ein uheldig, men rask nedtur for den langtreisande kenyanaren.

Foto: Stig Roger Eide

Tida 1.13.02 heldt også til 10. plass totalt, noko Hoff er litt småskuffa over.

- Eg hadde håpa på rundt 1.12, seier Hoff, som likevel er nøgd med å vere best av dei lokale.

- Det er her vi kan konkurrere. Nivået i toppen er

heilt vanvittig høgt, seier han.

Nivået av påmelde under årets arrangement var også høgt, og 1297 var det endelege talet, som blei talt opp til slutt.

Og sjølv om talet ikkje var ny deltakarrekord, var arrangørane svært godte nøgde.

Særskilt med tanke på året som var på toppen, med alt frå yr til regn og hagl, seier arrangementsansvarleg Helge Kårstad.

**Full resultatliste i Firda i morgon.**

Sjå biletserie på [firda.no](http://firda.no)



**USLÅELEG:** John Sompol frå Kenya vann årets Storehesten Opp suverent. Med tida 1.03.15 slo han også sin eigen løyperekord frå 2009.

Foto: Idar Stadheim



**SURT:** Det var til tider svært guffent vær på toppen av hesten, med både yr, regn og hagl. Folk brukte då det dei hadde for å få varmen i seg, og eit par raggsockkar kan fort få varmen tilbake i frosne fingrar.

Foto: Idar Stadheim



**BESTE LOKALE:** Sindre Hoff frå Viksdalen og Gloppen Friidrettslag hadde best tid av dei lokale deltakarane til toppen. Med tida 1.13.02 slo han også sin tidlegare pers med omkring eit minutt.

Foto: Idar Stadheim



**NESTEN REKORD:** 1297 personar var påmelde årets Storehesten Opp, eit tal som arrangørane var svært nøgde med, ettersom at året under årets arrangement ikkje var heilt optimalt.

Foto: Idar Stadheim